før folk kjende moderne teoriar om barnepsykologi, og før samfunnet hadde prøvd å setja dei ut i livet. Og om foreldra hadde visst om dei nye tankane, er det meir enn tvilsamt om dei hadde vilja eller hatt høve til å praktisera slike teoriar. Særmerkt for tida var dei mange pliktene og det ansvaret som vart lagt på borna i arbeidslivet. Dei laut vera med på nær sagt allslags arbeid, ute og inne, til alle årstider. Jamvel i tungarbeid var det ikkje uvanleg at dei måtte yta sitt. Men jamvel dei som vart drivne hardast, dømer sjeldan, men prøver heller å finna orsaking og forklaring. Sveinung Ørekvam (1854-1954), som kom frå små kår og hadde rik røynsle frå arbeid og slit, ordla seg slik: «Eg har aldri sett nokon stad dei har vore så harde med borna som heime. Dei visste visst ikkje betre, men så såg dei mon i arbeidet òg».

Stort sett ser det ut til at dei borna som voks opp på den gamle garden, fann seg vel til rette og verdsette det dei fekk med seg av tame og røynsler i arbeidslivet, sonen oftast i lag med faren, dottera saman med mor si. Dei fann ut at det dei hadde lært heime, fekk dei nytte og hjelpe av seinare i livet. Av sjølve livssyklusen,

«det store spelet», fekk dei livsrøynsle og kunnskapar som gav mogning og vokster.

Det mange har fortalt i vaksen alder, tyder på at dei tidd rekna foreldra for å vera strenge, utan at dei kjende foreldreasauriteten utrettvis eller urimeleg. Borna hadde age og vørndnad for det foreldra hadde lært dei og kravde at dei skulle gjera. Det galldt visse normer for samvær og samliv som ikkje måtte brytast. Frå tidleg barndom var det kjent kva som kravdest av sømd og god folkeskikk.

Arbeidet kunne setja krav både til kroppsleg styrke og til evne å halda ut. Sveinung Ørekvam fortalte at frå han var tolv år gamal, laut han vera med og treskja med tust, og frå same tid var han med i slåtten. «Eg stod og slo og arbeidde til liks med dei vaksne og måtte hanga i og vart ikkje spard. Eg hadde ikkje arbeidskraft og venta på måla og var så hol og svolten. På slutten var eg så trøytt at eg stod meir enn eg slo».

Frå Vats minnest ei gamal kone kor hardt det røynde armane for ein jentunge å bera fram vått gras frå ei myrslåtte, breia hevd eller karda. Borna såg mon i og kjende det som ein kvil å bli sende ærend til grannegarden, t.d. for å låna eitkvart.

Frå gamalt av var jamvel born med og bar på ferd-slevegen mellom Våge og Hylen. Frå ei seinare tid fortel Jon Sømjosen Vårvik at dei som born fekk riva bjørkebork som dei bar ned Hylsdalen og selde i Hylen. Han høyrest ikkje ut til å ha opplevd arbeidet på same vis som mange i generasjonen før han. Borna hadde jamvel fritider og fekk arbeida for seg sjølve og tena litt. Dei fekk lov til å slå eller skjera gras eller lauva, og dei stekte og selde store stakkar til faren om hausten. «Så vanka det gjerne ei ny huve, eit skjerf eller liknande i løn». Elles fekk gutane fridagar når dei hadde hogge ved og hakka ris til underbord.

Som åtteåring var Paul Vik med på både skaving

og berking på Selland i Sand. Etter at greinene var snerta for småkvist og lauv, var det å dra borken av. Borken vart kasta i haug, og Paul og mostera bar han bort. Når halmen svadde, tykte han det var gildt arbeid.

Born har alltid hatt for vane å sjå opp til vaksne som førebilete og har prøvt å ta etter dei. Det hende smågutar slo eit ljåsbrot inn i enden av ein påk og prøvde seg som slåttekarar, men dei vaksne freista å hindra den farlege leiken. Ola J. Vetrhus minnest det som ein stor dag då han omsider fekk eige ljåty.

Jon Hylen Solberg fortel frå Sauda at dei var ikkje store karane før dei fekk røyna seg på heieslått og gå i finnbakkane og slå med stuttorvsljå. Dei lærde tidleg å bruka rive og børatog, og det var ikkje lett arbeid å bera råhøy til laglege turkestader.

Slåtten var ei travel tid, og både vaksne og born måtte vera med. Det gjekk greitt å kasta såter, og slåttefolket gjekk i rekkje og rad og snudde høyet med rive. «Ein høyversdag var noko av ein fest for oss ungane, og me hjelpte til med å «dabba» i sleden og å «velta onna i løa», hugsar Alida Flesjå frå Finnøy.

I vår- og haustvinna kunne òg borna vera til god hjelp. Når dei pløgde på Finnøy, måtte ungane vera med og gå i fora. I lange forer kunne tre-fire stykke bli sett til å jamna og reinska for ugrasrøter. Dei fekk då kvar sin del av fora. Tidleg var borna med på potetopptak. Dei vaksne spadde, og ungane henta opp i bøtter.

Det var heller ikkje uvanleg at ungane tidleg laut gjera like for seg i skurden og læra seg til å laga bendlar og binda. Etter det hadde vorte vanleg med maskinar, løyste kvinnfolka banda, og ungane vart jaga til halmstaden. «Besten ladde, og me bodno sku' fli han bundo», mintest ein suldøl.

Torvskurd har ikkje vore så vanleg i Ryfylke, men



Ryfylkeborn i arbeid og leik. Det er Ingebjørg og Kari Havrevoll som får vera med i slåtten på Havrevoll eit av krigsåra. Av dei vaksne kjenner vi nr. 2 frå venstre, Ingeborg Havrevoll, nr. 4, Erik Havrevoll og nr. 6, Kari Havrevoll. Foto: Alf Endsjø.

der det var lite skog, og dei hadde myr, vart torv verdfullt brenne. Frå Finnøy blir det fortalt at ein flokk med kvinnfolk og ungar la torva fint på turke-

plassen med kvar si treskuffel. «Og det var gildt å vera i torvmyra», blir det sagt.

Frå heimen sin på Vetrhus i Suldal fortel Marie Natskår at jentene måtte hjelpe til i huset frå dei var i åtte - niårsalderen. Det var venta at borna skulle gjera nytte for seg når dei var så store. Mora lærde dei å spøta, og då vart det mælt opp famnar med tråd, som dei skulle vera ferdige med til ei viss tid. Vart dei





Slåtten var ei travel tid, og både vaksne og born måtte vera med.
Bildet er tatt hos Ketil Førre på Øye på Randøy i 1931/32.

ferdige før, kunne dei leika eller gjera kva dei ville. Etter vevstøylene var sette opp, hadde jentungane til oppgåve å spola garnet til islett, og så snart dei var store nok til å nå ned på trøene, fekk dei prøva å veva. Småjentene fekk og sleppa til på symaskinen når dei var komne i åtte - niårsalderen.

I vår- og haustvinna kunne og borna vera til god hjelp, skriv Lars Hellemo. Men dei kunne visst vera med berre for moro og, slik som her hos Magnus Romsbotn på Sandanger, Randøy i 1956. Det er sonesonen Magnus som sit på hesteryggen. Foto: Anders Romsbotn.

Sidan vanleg mannfolkarbeid var rekna å vera for tungt for gutungane, fekk dei leika mest heile dagen, påstår Marie Natskår. Men drengene var ofte ikke eldre enn 13-14 år.

I dei indre fjord- og fjellbygdene var stølinga ein viktig del av næringsgrunnlaget, særleg i Suldal og Sauda. Når det leid til jonsok, pla dei bu seg til stølferd på Vetrhus. Den dagen dei drog med kløv og meisbør, og budeia gjekk føre og lokka budskapen, medan mora stod att i tunet og ynskte god sommar på stølen, er skildra som ein stor dag både for folk og fe.

Det var vanleg at einkvan av borna var med budeia



Her er Marie Romsbotn med bestemor si, Elise, i marka på mjølking. Bildet er tatt på Sandanger, Randøy i 1953.

Foto: Anders Romsbotn.

på Vetrhus-stølen til lag, og i godver lyddest det med at dei hadde det gildt i heia. Då hadde dei det moro, men borna laut vera med i arbeidet. Den første helga slåttefolket var i heia, baud budeia på fløytekolle, dravle eller smørgraut, og dei leika på stølsvollen.

Mange kunne nok ha liknande gode minne frå støslivet, men for gjetleguten eller høringen arta livet seg annleis. Gutungar, særleg frå fattige heimar, måtte ofte svara gjetlo, som dei sa i Suldal, frå dei var i seks - åtteårsalderen. Tidleg laut gjetleguten opp om morgenon, og kom han våt heim med buskapen, var det tadt å ta på dei same våte kleda morgenon etter.

Ofte gjekk høringen åleine i heia og lengta og gret. Redd var han òg, for i den tid var det så bjønnengjengt i heia. «Eg lengta så eg har aldri lengta slik, og eg gret mang ein gråt der», fortalte ein gamal kvilddøl.

Jamvel stadnamn kan bera bod om den triste lagnaden til gjetleguten. I Gråtarelio sat høringen på Hamrabø tadt og lengta heim og gret.

Attåt gjetinga var det stader i Suldal der gjetleguten måtte vera med og mjølka, og elles høyrdet det med til arbeidet hans å hogga ved og bera vatn.

Gjetlestevet frå Suldal er teke rett ut av kvardagen åt høringen, men det har variantar frå fleire andre stader i landet òg:

Å huttetu! De' vondt å gjæta;
ut i uver å ut i væta.
Ut i uver å ut i slubb;
å nei, eg gjætte 'kje dagjen ut.

På stølar der dei hegna med grindar, laut dei flytta grindane kvar dag, og det var tungt arbeid for ein liten gjetlegut.

Frå stølen og ei mils veg heim bar Sauda-buen Jon Hylen Solberg som elleveåring ein fløyteholk på omlag ti liter i meis, og hadde attåt eit kannespann med mjølk i handa. Gutungane gjekk berrføtte heile sommaren, så skinnnet under føtene vart tjukt som soleler. Her får han sjølv ordet i ei krass skildring av korleis livet til sine tider kunne vera: «I slutten av august månad eller i byrjinga av september råka det stundom til at me fekk hele-netter i fjellet. Då var det ofte kaldt å springa berrføtt i rimfrose gras og lyng. Når me så fann kyrne, sprang me til og jaga opp dei som låg og jorta. I desse legene var det varmt og godt for ein blåfrosen fot. Det hende òg at me trødde i varme kumokker eller heldt føtene under



Om vinteren kunne ungane skeise når det var is å skeise på. Her skeisar dei på ekrene på Foreneset i 1942. Dei som er med: Frå venstre: Øystein Wigestrøm, Johan Johnsen, Gerda Fuglastein, Marta Johnsen, Signe Fuglastein, Herdis Bergsted, Leikny Harbo, Ivar Furenes og Arne Wigestrøm.

stryken når ei ku let vatnet. Når sola kom og hela forsvann, var det ei lette for valne tær».

Born og dyr pla gå godt saman. Severin Eggebø fortel frå Årdal at lemminga om våren var glanstida for gutane. Då var dei i sauehuset både seint og tidleg.

Det var store dagar både når smalen vart jaga til heia og når han kom heim om hausten. Fann borna ein sau som hadde lemma, vanka det gjerne ein femøring. Det nemndest buddeløn, og budde tyder rett og slett nyfødt husdyr som ligg ute i marka.

LEIKAR UTE OG INNE

Kreativ har i dag vorte noko bortimot eit moteord, utan at det alltid ligg så mykje røyndom i det. Dei

menneska me har prøvt å følgja, brukte aldri ordet, dei fleste kjende det ikkje dessmeir, men dei visste vel kva det ville seia å skapa, laga, forma. Det røynlege innhalde i omgrevet låg i dei frå barnsbein av. I ei tid då ungane held på å bli leste ned med dyre kjøpeleiker og sit og glor på fjernsynsskjermen i timevis kvar dag, har informantene våre opna for ei minneverd til ein barndom med intens aktivitet og ei allsidig evne til å hitta på eitkvart, til mangslags leik og tidtrøyte med enkelt og ofte primitivt tilfang.

Kvar årstid baud på rikeleg høve til leik og moro. Somt har halde seg og er like omtykt som den gong, men mykje har vorte avlegg og er gått i gløyme.

I fjellbygdene, der snøen ligg opp til fleire månader lenger enn nede ved fjordane, var det ikkje vandt å vita for borna korleis dei skulle fylla fristundene. Der fekk dei særstame i å løypa på ski, og dei hadde mykje moro med å skeisa og renna på kjelke. Skia var heimelaga av fure eller ask med vidjeband til bindingar, og det var vanleg med berre **ein** stav. Dei fann seg òg gjerne skibakke og prøvde seg med hopp. I «Frå Suldal til Sunnhordland» fortel Sigurd Sandvik om heimelaga kjelkar med meiar, flauter, harbein, remar og loker. Sjå Lars Hellemo: Frå det gamle arbeidslivet, s. 41 og 112. Dette er eit utval av tekniske nemne som krev like nøgne forklaringar som delane i ein moderne maskin eller motor. Somme hadde berre slådder, som dei slo saman av to breie fjøler på kant, stødde av med eit par tverrfjøler attå lòkene. Under spikra dei bandajern. Ute på øyane var det ikkje vanleg med ski. Der rende dei heller på snöskeiser, kjelke og krubbe. Skeising var òg omtykt.

På Haraldstveit i Vats likte ungane å renna på hålka i brauta når det vart köyrt tømmer og ved frå skogen. Dei hadde òg moro av å halda i tau frå sleden og la seg slepa på treskorne over isen på vatnet.

Om våren var det så mykje å ta seg til ute. Når borken svadde, skar gutane seg fløyter av raun og selje, og jentungane hoppa paradis, som var ein heller ny leik, og så laga dei moldkaker og turka dei på dørhella. Dokker høyrd sjølvsagt med i leiken.

Sigurd Sandvik minnest frå Bråtevit korleis dei bygde hus i steinrøysar og bergskorter. Dei hadde ei gild skår å leika med krusbrot i. Var dei mange i lag, vart det gjerne til at dei leika «Slå på ringen», «Tri mann i vinden» eller «Siste par ut».

I somme bygder, t.d. Hjelmeland og Fister, var «dónta» det vanlege ordet for leika. I Fister heitte det «gå i dónta», om sjølvleikeplassen.

Ulike slag ballspel var gilde leikar og høyrd våren til. Frå Finnøy fortel Nils Ladstein Vestbø at når dei stod i beit for ball, gjekk dei til bygdeskomakaren med grisebust som dei fekk han til å sy inn i skinn. Men slike ballar var tunge og lite likte.

Smågentene kunne halda det i timevis med å «dabba». Anten ballen vart kasta mot ein vegg eller dei fekk han til å spretta på slett grunn, galdt det å vera kvikk i dei varierte kroppsørlene som høyrd med til leikane.

Gøyemeiken «rekna gøyma» (Hjelmeland) samla lett heile ungeflokkar (tribonius i bystrok). Og når dei heldt «tikken», galdt det å vera rapp på foten.

Det er ikkje vanleg å sjå born «jeppa» lenger, men den eldre generasjonen hugsar v l leiken med dei enkle, primitive tinga som skulle til: pinnen over to steinar som var sette opp tversf re einannen, og kjeppen til å vippa pinnen lengst r d mot dei som stod eit stykke unna og skulle ta imot.

Ville ein gjera seg gjeldande i å «kasta klubbe», måtte ein sikta n ye og vera treffsikker. Til spelet høyrd seks runde kubar, som var kvesste i den eine enden, og att t var det seks kasteklubber. Kaste-



Eit anna bilde frå Røphaug same året viser ungar og tenestejenter frå Sand i leik i det som vi må tru er meir vanlege klede.

klubbene vart delte mellom kastarane på laget, og så skulle dei to laga kasta kvar sin gong. Då galdt det å slå over ende kubbane til motparten. Namnet på den tilsvarande leiken var i Hjelmeland «slå kile».

Munkenstein slipte dei av pannebrot, men fem

runde småsteinar kunne gjera same nytte. Dei munka både ute og inne. Frå Suldal kan Sandvik syna til åtte spel i munkeleiken, somme med særlege namn.

Det har alltid vore gjævt for born å leika i vatn. Vatnet synest å ha ei eiga dragande makt på dei. Ein bordende, ein pinne til mast og ei never til segl var nok vyrke til ein båt. Til slutt var det berre å få roret

på plass og stilla det i den lei der dei ville ha båten til å landa.

Moro var det òg å setja froskar ut på vatnet og prøva å finna ut kor flinke dei var til å symja.

I Bråtveit leika dei om vårane med ymse småkryp, knippetrodl, bjødn, tordivel, tømmermann og gullsmed. Gullsmeden tok dei varsamt mellom hendene og kviskra: «Gullsmed, gullsmed, fyk, fyk!» Så livna han til, slo ut vengene og fauk. Fykande gullsmed og tordivel var rekna som godversmerke.

I slaktetida var ungane i Suldal ikkje seine med å sikra seg seglet, bruskspissen på brystbeinet av dyret. Det hadde dei moro av å kasta mot ein vegg, og det var om å gjera å få det til å hanga. Seglet var seigt, og kasta dei det på rette måten, vart det sitjande fast.

Var det mykje å ta seg til ute i leik og spel, så var det ikkje mindre å velja i inne, og det kunne bli både ståk og sjau av det når dei t.d. tok «blindetjuv».

I «Bygd og By i nær fortid II» og i «Rogaland i Manns Minne» har suldølene Sigurd Sandvik og Knut E. Birkenes grundige utgreiingar av stort kulturhistorisk verd om ymse leikar, men det vil føra for vidt å gå i detalj her.

Det hende òg vaksne var med, og ikkje sjeldan hadde mora eller besta lært borna ymse leikar, som kunne ha lang tradisjon i huslyden.

I leiken «setja nepa» sette borna seg i rad og rekkje på golvet. Ein i laget gjekk bakom dei andre, la ei hand på hovudet til kvar av dei etter tur, og song: «So sete me nepa so støtt i jord med stokk og steidn, med fisk og beidn, med hendene i hop og føtedne i kross». Den som handa vart lagd på, måtte så hekta hendene saman og leggja føtene i kross.

Her som i fleire andre leikar er det verdt å merkja seg rimet, som gjorde det lettare å halda greie på gangen i leiken.

Det var òg vanleg med «damspel» og andre spel på tavle og papir. Leikane kravde oftast berre enkle hjelperåder. Det greidde seg i visse høve med nokre erter, ein tydult eller som i «Stela svin» med nokre treskor. Ein av leikane gjekk ut på at borna sat på kvar sin stol, spratt opp og bytte plass når einkvan i laget ropa «vipp opp og byta jorder».

Sandvik har gjort greie for særmerkte leikar som å «teikna kattepus» og «spela skorsteinsfeiar». På Haugane hende det jamvel besta hjelpte til med å laga leiker med sag og kniv.

Den barndomen informantane våre har kalla fram i minnet, kunne nok opplevast ulikt frå stad til stad. Mange synest likevel å ha funne tryggleik og trivsel i si barndoms verd. Men hadde dei som kjende fattigdomen på kroppen og visste kva standsskilnad verkeleg var, kome til orde, ville biletet av bygdesamfunnet vorte meir nyansert og fått ein sterkare realistisk farge. Folk frå husmannsheimar og fattige strandsitjarmiljø fekk andre opplevingar og røynsler enn dei som hørde heime i bondesamfunnet.

Ein gong kom det på ein av dei største og beste skoggardane i Suldal berre på ein føremiddag ti bedarkjerringar til gards og bad om hjelp.

Med husvære og skulestove under same tak kunne det henda at ei lærarkone såg det som si plikt å ta seg av born som måtte gå heimefrå på tom mage, og få dei inn på kjøkenet så dei kunne få eta seg mette, før skuledagen tok til.

Ein og annan gutungen laut til tider skofta skulen fordi bror hans nett den dagen stod for tur til å brukta den buksa dei to hadde i hop.

Jamvel eit godt stykke inn i dette hundreåret kunne det henda at nauda nøydde koner på strandstaden til å be om å få brukta såpevatn etter klesvask i granne-laget.

Det har gått føre seg eit svært ombrøyte på alle område frå den tid kløvberen og sleden var vanlege transportmiddel og fram til ein teknifisert epoke med fartsglad ungdom i siste bilmodell.

Kjelder

I tillegg til uprenta tilfang er desse kjeldene nytta:

Bygd og By i nær fortid I og II.

Rogaland i nær fortid.

Rogaland i Manns Minne.

Hellemo, Lars: Frå det gamle arbeidslivet.

Vetrhus, Ola J.: Nokre minne frå livet mitt.

Lars Hellemo er fødd på Sand i 1917, men er nå busett i Stavanger. Han har arbeidd som lektor i Sauda og i Sandnes. Til hovudfagsexamen i norsk tok han som hovedoppgåve «Ord og nemningar frå arbeidslivet i Suldal og Røldal». Denne vart seinare omarbeidd og utvida og gitt ut av Norsk Målførearkiv under tittelen «Frå det gamle arbeidslivet». Hellemo har også skrive fleire artiklar med emne frå Ryfylke og har gitt ut boka «Frå torvskurd til tingssal» i samarbeid med Ryfylke-museet. Frå 1962 til 1981 var han varamedlem og seinare medlem i styret for Rogaland Folke-museum.

Det eldste drivhuset i Finnøy er truleg dette på Lauvsnes som vart bygd i 1934. Men det er noe ombygd seinare da trestolane vart skifta ut med ein stålkonstruksjon kring 1950.



Drivhuset modent for museum

AV ROY HØIBO

Det er i år 60 år sidan det første drivhuset vart sett opp på Fogn. Framleis står det att drivhus i Finnøy som er bygt i første halvdelen av 1930-åra. Framleis lever dei som kan fortelja om pionertida i drivhusnæringa.

I Finnøy meiner ein at dei aller første små drivhusa vart bygt i 1928, truleg på Fogn. I litteraturen blir det oppgitt at det var i 1931 gardbrukarane i Ryfylke bygde dei første tomathusa. Det eldste huset som enda står er truleg eit drivhus på Lauvsnes som er bygt i 1934.

Desse første husa var kalde hus. Det vil seia at dei ikkje hadde oppvarming. Men det kom nokså fort. Dei fyrte med koks det første, seinare vart det oljefyr.

Det gikk ikkje lang tid før Finnøy var heilt i spissen som tomatkommune. Alt i 1939 hadde kommunen 115 drivhus. Etterkvart spreidde tomatdyrkinga seg både til andre øyar og andre kommunar i Rogaland, men Finnøy heldt fram som den leiande drivhuskommunen.

Ei tid var det slik at det var lettare å telje dei brukar som ikkje hadde drivhus, enn dei som hadde, fortel folk i Finnøy. I dag er det omvendt, men framleis er Finnøy, Fogn og Talgje blant dei største tomatprodusentane i landet. 1/3 av alle norske tomatar blir i dag produsert i Finnøy. Den samla verdien av denne produksjonen er på 31,5 millioner kroner.

Men også denne historia, som har vore så viktig for Ryfylke-øyane, står føre glømselen om ingen ting blir gjort for å ta vare på ho. Det burde ikkje skje.

STORE ENDRINGAR

Endringane i tomatproduksjonen frå det som gikk føre seg i dei små, kalde husa først i 30-åra, til den høgt utvikla produksjonen i dagens drivhus har vore enorm på mange område.

Sjølve huset har vakse både i høgde og breidd og dekker i dag normalt eit heilt mål, eller eit dekar. Tomatsortane har utvikla seg slik at avkastinga kan komme opp i 35 kg/m². Dyrkingsmediet er ikkje lengre jord, men i dei fleste drivhusa mineralull. Og vatn og gjødsel blir finregulert av avansert elektronikk. Likeins med klimaet i drivhuset, som blir regulert ved hjelp av helautomatiske lufteanlegg og overbrusing av vatn etter signal frå fintfølande vervaslarar både i og utanfor huset. For å auke produksjonen blir lufta gitt tilskot på CO₂.


Parallellt med den teknologiske utviklinga, og kanskje som ein følgje av den, har det skjedd ei endring i miljøet mellom tomatdyrkaran. Lenge var drivhuset ein del av ei driftsform på gardane der ein kombinerte ulike produksjonar og anna arbeid på og utanfor bruket. Det vanlege var å drive både med



I dag dyrkar ein tomatane i steinullmatter eller i lettjord. Steinulla blir eit avfallsprodukt medan lettjorda kan brukast omatt til andre formål. Derfor likar Guttrom Lauvsnes best å bruke lettjord.

tradisjonelt gardsbruk og tomatproduksjon i drivhus. Og det var svært mange av brukarane som hadde drivhus. Ettersom storleiken på husa og investeringsnivået auka fall fleire og fleire i frå, og drivhusnæringa blei ei meir spesialisert næring.

Kunnskapsnivået og effektiviteten er nok blitt auka med dette. Og det har vore nødvendig. Prisutviklinga har vore svak på tomatar, det er mengda som gir grunnlag for auka avkasting. Men miljøet er tynna ut, og det kan vera alvorleg i ein kommune der miljøet må ha vore ein viktig faktor når ein skal prøve og forklare kvifor det nettopp vart Finnøy som vart Norges-meister i tomatdyrkning.



Kolbjørn Ladstein har eit av dei mest moderne drivhusa på Finnøy. Her styrer elektronikken det meste, men framleis er det slik at den menneskelege innsatsen er heilt avgjerande for resultatet. Høg kompetanse er såleis samla hos tomatdyrkarane på Finnøy.

DRIVHUSET PÅ MUSEUM

Framleis finn ein minna etter dei ulike stega i drivhus-teknologien. Noe av det gamle er framleis i bruk i drivhus der ein driv med salat og persille og tidlegkål,

noe ligg kringom i tun og uthus. Og dei som har stått midt opp i denne eventyrlige utviklinga er framleis midt i blant oss og kan fortelja om det som har gått føre seg.

Også blant dei unge tomatdyrkarane er det interesse for dei gamle måtane å gjera det på. Og for oss andre er det spanande å bli kjente med korleis det går føre seg i dag. Men dei fleste har problem med å sjå korleis



I eit lite drivhus på Lauvsnes står eit av dei første, automatiske lufteanlegga som kom til Finnøy. Det er produsert hos Karlssens Mek. Verksted A/S i Stavanger og vart kjøpt bruk til Finnøy.



Nils Meling og Jacob Skogen i drivhuset på Little stå på Talgje kring 1939.

ein skulle få tatt vare på eit gammalt drivhus. Dei er ikkje konstruerte for å vara evigt, drivhusa.

Dette må ikkje føre til at ein lar vera å tenkje nøyne gjennom utvegane til dokumentasjon og bevaring av minna om tomatdyrkings. Ein så viktig del av

Det er først i april og småplantene skal ut. Dei som er med på bildet: Berner Meling, Erling Meling, Christofer Larsen, John Gaard og Bertil Gaard.

nærings- og arbeidslivet i Ryfylke-regionen må ikkje få gå i gløymeboka utan vidare. Eit miljø som er så langt framme i kompetanseutviklinga på sitt område, burde også ta vare på kunnskapene om utstyr og metodar ein har gått i frå. I tillegg er samtidsdokumentasjon ei meir og meir aktuell oppgåve for musea etterkvart som utviklinga går raskare og raskare.

Det er vanskeleg å tenkje seg eit drivhusmuseum





Dette drivhuset på Gard på Talgje vart bygt kring 1940, og er nå, som mange andre, gamle drivhus, i bruk til dyrking av dill, kålrabi, tidlegkål, gulrøter og anna. Det er Signy Gard, følegekone på garden, som steller i huset.

etablert på tradisjonelt museumsvis med hus og gjenstandar. Men akkurat som drivhusnæringa har endra seg har også museumsarbeidet endra seg. Også i musea har ein tatt ny teknologi i bruk, og metodane har utvikla seg mye sidan dei første folkemusea blei etablerte for snart 100 år sidan.

Arbeidet både med å ta vare på minne om korleis tomatproduksjonen gikk føre seg tidlegare, og korleis det skjer i dag, treng såleis ikkje bli hindra av mangel på høvelege måtar å gjera det på. Det viktigaste er å bli medveten om drivhusnæringa som eit viktig arbeidsområde for kulturvernet i Ryfylke. Dermed er nok ikkje alle problema løyst, men det ville vera nokså ansvarslaust å prøve og trekke opp linjene for det regionale museumsstellet i Ryfylke utan å tenkje på drivhusa i Finnøy.

BØKER OG HEFTE FRÅ RYFYLKEMUSEET

Lars Hellemo: Frå Torvskrud til tingsal
(1985)

kr 78,-

Roy Høibo: Då besta va' ung (1982)

kr 25,-

Roy Høibo: Folk og hus i Suldal (1984)

utseld

Roy Høibo: Blant silkebus og bønder
(1987)

kr 78,-

Roy Høibo: Ulla-Førre (1987)

kr 188,-

Roy Høibo og Njål Tjeltveit:

Hjelmeland - bilete frå farne år

kr 248,-

Frå bygd og by i Rogaland, årbok for
Rogaland Folkemuseum

Enkelte årganger 1950-1975

kr 10,-

1976-1979

kr 20,-

Folk i Ryfylke, tidsskrift for
Ryfylkemuseet 1984-1987

kr 45,-



Bøkene kan tingast frå Ryfylkemuseet, 4230 Sand, telefon 79 73 77, eller kjøpast i ekspedisjonen på sjøhuset på Sand, der vi også har annan lokalhistorisk litteratur for sal.

Ryfylkemuseet takkar følgjande firma
for støtte til drifta av museet:



Tor Underbakke

Sport-Båt-Motor-Bensinautomat
SAND. TLF. 97 486



ALT I KOLONIAL

SULDAL INSTALLASJON

SAND

TELEFON 97 319



**Meling Bygg &
Jernvare a/s**

JERN-BYGGEVAREFORRETNING
Spesial listverk-panel på bestilling

Kaldheim & Sønn

UR – OPTIKK

Telefon 97 660 – 4230 SAND

Hjelmeland Sparebank

14130 HJELMELAND

TELEFON 04 - 44 04 17

DnC

Suldal

LOKALBANKEN MED
STORBANKENS FORDELER



EIN SERVICEBANK
FOR HEILE DISTRIKTET

BUSTAD

herreekvipering a s

TLF. 97 148
SAND

A.s Sands Laksefiske

SAND/STAVANGER



ALT I
LANDBRUK
OG
SKOGBRUK

Møgedal
mek. verksted

SAND - TLF. 97 112



VERN VERNEVERDIGE VERDIER
VERNOLIN -
linoljemaling med sinkhvit

SAUDA INTERIØR TLF. 93 044

Elkem

FERROLEGERINGER

SAUDA SΜELTEVERK A/S

Singel og Grus A.s

ÅRDAL

Hovedkontor: SANDNES - Tlf. 04 - 57 52 77

En sikker
medspiller



SAUDA - TELEFON 92 411



DREYER BOK

STAVANGER

TELEFON 04 - 52 05 72

LOKALLITTERATUR FOR HELE LANDET

*For Sundhet og velvære -
spis klikavrings fra*

SAUDA BAKERI

TLF. 92 167 - SAUDA

AKSEL L. HANSSON

møbelfabrikk Hjelmeland
Tlf. (04) 44 03 00

møbelforretning Stavanger
Løkkeveien 40
Tlf. (04) 52 36 83 - 52 12 46

JÆRSTOLER

Hetlelid Møbelverkstad
Hjelmeland
Tlf. (04) 44 15 46

Bilete frå farne år

Gamle foto fortel frå farne år på ein annan måte enn ord. Denne boka inneheld mange eldre mange eldre bilete frå Hjelmeland. Hjelmeland kulturstyre og Ryfylkemuseet gjennomførte for eit par år sidan ei foto-innsamling der ei mengd gamle bilete blei registrerte og avfotograferte. Boka presenterer ein del av biletene frå fotodugnaden i Hjelmeland. Dei ulike kapitla fortel om kven som fotograferte i eldre tid og kva det mest blei tatt biletet av. Vidare finst det biletet frå hus og heim, arbeidsliv og kvarlagsstrev, og frå høgtid og fritid. Eit kapittel presenterer biletene med tilknytning til samferdsle på sjø og land.

Eit av dei eldste biletene vi har frå Hjelmeland er dette som truleg er tatt i slutten av 1860-åra. Det er eit familieportrett av Svend og Anna Sigmundstad og barna deira.



DREYER BOK

ISSN 0800-4692

